



Eallju Drivkraft i nord



UiT Noregs
arktiske universitet

UiTs strategi mot 2030

Eallju – Drivkraft i nord

UiT Noregs arktiske universitet er eit internasjonalt leiande breiddeuniversitet. Visjonen vår er å vere ei drivkraft i nord. Det nordsamiske omgrepet *eallju*, som betyr arbeidsiver, set tonen for drivkrafta i UiT. Saman med studentar, tilsette og samfunnet elles skal vi utnytte at vi ligg i Nord-Noreg og Sápmi, den faglege breidda vår og det tverrfaglege fortrinnet vårt til å forme framtida.

Samfunnsoppdraget vårt er å gje forskingsbasert utdanning av høg kvalitet og utføre kunstnarisk utviklingsarbeid og forskning i heile spennet frå det grunnleggjande til det anvende på høgt internasjonalt nivå. Vi skal formidle kunnskap om fagområda våre og bidra til innovasjon. Samfunnsoppdraget sameinar UiT på tvers av ulike studiar, forskingsfelt og store geografiske avstandar. Det fordrar godt samarbeid med nærings- og samfunnsliv og internasjonale partnerar. Vi skal styrke ei kunnskapsbasert og berekraftig utvikling, regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

Akademisk friedom, vitskaplege og forskingsetiske prinsipp ligg til grunn for heile verksemda til UiT. Medverknad, medråderett, openheit og gode prosessar skal gje det vedtaksgrunnlaget vi treng for å gjere kloke og framsynte prioriteringar. Studentane og våre tilsette skal ha høve til å utvikle sine evner og potensial. Tufta på vitskapleg integritet skal vi vere modige, engasjerte og rause – tett på fag, folk og samtidsutviklinga.

Vi skal ha god og målretta ressursutnytting og omstillingsevne for å møte framtidens forventningar og moglegheiter. Vi vil styrke kvalitet og gjennomslagskraft for fagområda og kjerneoppgåvene våre gjennom tre strategiske innsatsområde.



1. Arktis og nordområda

Som verdas nordlegaste universitet er UiT strategisk plassert for å utvikle og formidle kunnskap om Arktis og nordområda. UiT femnar forskning og utdanning om natur, samfunn, teknologi, miljø, kultur, mennesket og samspelet mellom desse. Frå denne ståstaden jobbar vi med hav, rom, klimaendringar og ressursutnytting, helse og økonomi, urfolk, befolkningsendring, politikk og samhandling i nord. Vi skal byggje på innsikt frå fagområda våre for å bidra til utviklinga i nord.

Ambisjon: UiT skal vere internasjonalt leiande på kunnskap og kompetanse om og for Arktis og nordområda.

Vi skal vere fremst i å forstå natur- og samfunnsendringar i Arktis og nordområda, og effekten av dei. Vi skal vere ein attraktiv studiestad som verdset og utnyttar nærleik mellom fag, folk og praksis. Vi skal omsetje utfordringar og moglegheiter i nordområda til faglege spørsmål, og utforske dei i samarbeid.

For å nå ambisjonen vår skal UiT:

- **Utvikle fleire leiande fagmiljø i front av den internasjonale kunnskapsutviklinga.** Vi skal løfte forskingsspørsmål som er relevante for utviklinga i nord. Vi skal utvikle og oppretthalde vitskapleg infrastruktur og tidsseriar av data som mogleggjer kunnskapsutvikling om og for Arktis og nordområda.
- **Vidareutvikle attraktive utdanningstilbod tilpassa nærings- og samfunnsliv i nord.** Vi skal fremje læring og involvering av studentar. Vi skal styrke fleksible tilbod som sikrar at unge og vaksne studentar på små og store stader tileignar seg kunnskap, kompetanse og ferdigheiter som framtida treng.
- **Styrke kompetanse om og for samiske og kvenske tilhøve.** Vi skal vere det leiande universitetet på kunnskap om og formidling av samisk og kvensk språk, kultur, kunst og samfunn, og på møtet mellom majoritets- og minoritetssamfunnet.
- **Vere ein pådrivar for samarbeid i Arktis og nordområda.** Vi skal vere ein synleg og aktiv kunnskapsaktør i nordområda, og ein føretrakt samarbeidspartnar for nærings- og samfunnsliv og internasjonale samarbeidspartnarar.



2. Dei store samfunnsutfordringane

Store samfunnsutfordringar innan klima- og miljø, mattryggleik, demografi og helse viser at det moderne samfunnet er sårbart. Dei viser at global samhandling, demokrati og tillit mellom folk er viktig. Samfunnet treng fagmiljø som innrettar forskingsspørsmål og metodar som på kort og lang sikt kan gje grunnlag i krevjande vedtaks-situasjonar. Med fagleg breidde og nærleik til natur og samfunn, har UiT føresetnader til å bidra med kunnskap og kompetanse til omstilling, tilpassing og framtidsetta løysingar på tvers av fagområde, nærings- og samfunnsliv.

Ambisjon: UiT skal bidra til nyskapande, demokratiske og berekraftige løysingar på store samfunnsutfordringar.

Vi skal ta ansvar for grunnleggjande forskning på fagområda våre og bidra til det globale kunnskapsarbeidet. Vi skal ta eit særleg ansvar for kunnskap og kompetanse som trengs for miljømessig, sosial og økonomisk berekraftig utvikling. Vi skal dele og gjere forskinga og utdanninga vår tilgjengeleg, og leggje til rette for innovasjon om samskaping internt og med samfunnet rundt oss. Studentar og tilsette ved UiT skal kjenneteiknast av evna til kritisk tenking, idéforsprang og at dei vågar å utfordre etablerte praksisar.

For å nå ambisjonen vår skal UiT:

- **Praktisere open vitskap.** Vi skal fremje openheit i forskning, utdanning og innovasjon, og utvikle feltet i nært samarbeid med nasjonale og internasjonale samarbeidspartnarar.
- **Utvikle kunnskap, metodar og verkemiddel som bidreg til å løyse store samfunnsutfordringar.** Vi skal fremje banebrytande kunnskapsutvikling, og prioritere infrastruktur og metodeutvikling som mogleggjer arbeid med komplekse problemstillingar og berekraftige løysingar. Vi skal bidra til utvikling av norsk fagspråk for å svare på behov i norsk arbeids- og samfunnsliv i eit internasjonalt miljø.
- **Fremje tverrfagleg arbeid, samskaping og innovasjon.** Vi skal skape arenaar og fjerne barrierar for samarbeid på tvers av fagområde, sektorar og landegrenser. Vi skal prioritere og dra nytte av moglegheitene i digital omstilling, og fremje utvikling av generiske ferdigheiter hos våre studentar og tilsette.
- **Styrke kapasitet og omstillingsevne.** Vi skal forbetre utnytting og prioritering av ressursane våre. Vi skal auke deltakinga vår i nasjonale og internasjonale konkurranseutsette finansieringsordningar for forskning, utdanning og innovasjon.



3. Talentutvikling og mangfald

Studentar og tilsette er våre viktigaste ressursar. Ein føresetnad for at vi skal lukkast med samfunnsoppdraget vårt er difor at alle får utvikle potensialet sitt. Studentane og våre tilsette kjem frå ulike land og stader, dei har ulik bakgrunn og historie, og har med seg erfaringar og perspektiv som gjer oss rikare og utfordrar. Dette mangfaldet skal UiT bruke som eit fortrinn i kreativt og samskapande arbeid, og som grunnlag for å bygge leiande fagmiljø.

Ambisjon: UiT skal vere eit utspring for utvikling av studentar og tilsette sin kompetanse og talent, med mangfald som drivkraft og ressurs.

Vi skal vere ein attraktiv og inkluderande arbeids- og lærestad der det er rom for å prøve, feile og lukkast. Vi skal utøve leing for å fremje anerkjening av mangfald som ein styrke, og leggje vekt på fellesskap, engasjement og samarbeid mellom studentar, tilsette og andre samfunnsaktørar. Vi skal vere eitt samla universitet, der bidrag og ansvar frå alle tel.

For å nå ambisjonen vår skal UiT:

- **Utvikle, trekke til oss og behalde talent.** Vi skal etablere verkemiddel for å leggje til rette for utvikling av tilsette og fagmiljø sin kapasitet og kompetanse. Vi skal bryte ned karrierebarrierar, ha ein heilskapleg rekrutteringspolitikk og utvikle leiar- og medarbeidarskap systematisk.
- **Rekruttere og utruste studentar som lærer heile livet.** Vi skal leggje til rette for mobilitet, styrke samhandling med arbeidslivet og bidra til at fleire unge blir trekte til og blir i landsdelen. Vi skal fremje nysgjerrighet, delaktighet og framtidsansvar.
- **Prioritere kunnskapsutvikling og innovativ formidling som fremjar mangfald.** Vi skal styrke studentar og tilsette si deltaking i dialog og samfunnsdebatt, og verne om akademisk ytringsfridom. Vi skal ha mangfald i kompetanse, representasjon og perspektiv.
- **Vidareutvikle UiT sine arbeids-, lærings- og studiemiljø .** Vi skal ha stimulerande og tilrettelagde fysiske, sosiale og digitale miljø. Vi skal utvikle oss som eitt universitet med campusar og studiestader som har eigenart.



uit.no/om/strategi2030



UiT Noregs
arktiske universitet